

2 MINUTT INNSPEL TIL ASTRUP OG REGJERINGA:

Amund Måge, Marin Direktør, Universitetet i Bergen

1. Hvordan kan en nasjonal plan gjøre det enklere for dere å arbeide med bærekraftsmålene?

Bærekraftsmåla er globale, altovergrepande og politisk internasjonale. Ein kan ikkje gjere alt og ein norsk nasjonal plan må derfor klargjere tydeleg norske prioriterte satsingsområde. Kor kan Norge bidra spesielt? Det bør vere på felt der vi har spesielt god kompetanse til å bidra til verdssamfunnet.

2. Hvilke utfordringer er de viktigste?

I høve til korleis vi ser på menneskeheiten si gode overleving så er øydelegging av biologisk mangfold og klimakrisen dei viktigaste. I høve til bærekraftsmåla er premisset for spørsmålet likevel feil. Bærekraftsmåla skal handtere både naturmiljø, sosiale og økonomiske tilhøve. Mange viktige aktørar plukkar ut sine enkeltmål og enkelte delmål men det løyser ikkje heilheiten. På det marine område er den viktigaste oppgava totalt sett å bidra til løysing av problem rundt matproduksjon totalt på kloden, gjennom meir mat frå havet, utan at det skal gå ut over naturmangfald, klima og andre typar forurensing.

3. Hvilke dilemmaer møter din sektor, og hvordan skal vi tilnærme oss disse?

Marin side; Det store dilemmaet er at dei fleste større tiltak vil vere ei avveging på ei positiv side og ei negativ side. Det er faktisk underkommunisert kor lite mat som faktisk i dag kjem frå havet, og kor viktig auke er. Dette gjeld faktisk også for å lette på presset på å dei terrestre økosystema. Auka marin matproduksjon frå havet vil trenge ny forskning og innovasjon, areal, utdanning, og kapital,

4. Hvilke tiltak bør regjeringen vurdere i handlingsplanen?

Vi treng auka forskning og innovasjonsstøtte for breiare utnytting av mat frå havet inklusive å utnytta mat frå havet lågare i næringskjeda og utforska ein del nye ressursar, slik som mesopelagisk fisk. Dette må sjåast i høve konflikhtar med omsyn til miljø og til areal. Forsking på kartlegging og løysing av areal-konflikhtar er heilt vesentleg, inklusive at Norge skal følgje opp heilt konkrete punkt under bærekraftsmål 14.